



Høgskulen på Vestlandet

Jobbnorge ID: 197660

Deadline: 1/10/2021

Website: <http://www.hvl.no>

Scope: Fulltime

Duration: Temporary

Dette er Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er ein av dei største høgskulane i landet, med om lag 1 800 tilsette og 16 000 studentar fordelt på fem campus i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund.

Vi har sterke og innovative fagmiljø innan helse- og sosialvitenskap, ingeniør- og naturvitenskap, økonomi, samfunnsvitenskap og maritime studier, og lærarutdanning, kultur og idrett. HVL tilbyr bachelor-, master- og doktorgradsutdanningar og ulike årsstudium.

HVL er tett på arbeidslivet, regionen og studentane, og har mål om å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Biblioteket er organisert som ein del av HVLs fellesadministrasjon, og er i dag organisert med fire einingar; eining for publikumstenester, eining for studiestøtte, eining for forskingsstøtte og eining for informasjonsressurser. Bibliotektenesta omfattar fem fysiske bibliotek fordelt på fem campus. Biblioteket har eit breidd tenestetilbod for studentar og tilsette, og skal vidareutviklast som eit tidsaktuelt utdannings- og forskingsbibliotek som aktivt støttar opp under høgskulen sine faglege profil og ambisjonar.

Bibliotekar/ Spesialbibliotekar campus Sogndal

Høgskulen på Vestlandet, Biblioteket har ledig ei mellombels stilling som bibliotekar / spesialbibliotekar ved campus Sogndal

Ved Høgskulen på Vestlandet er det ledig ei 100% stilling som bibliotekar i perioden 01.02.2021 til 31.01.2022, med moglegheit for forlenging. Stillinga er knytt til biblioteket si eining for publikumstenester og rapporterer direkte til leiar for eininga. Arbeidsstad er campus Sogndal, men stillinga kan ha arbeidsoppgåver knytt til fleire campus og kan ha medansvar for samkøyring og utvikling av bibliotektenester på tvers av HVL sine fem campus. Stillinga vil medføre samarbeid med fagmiljø i HVL og innan høgskulebiblioteket.

Arbeidsstad campus Sogndal

Ansvars- og arbeidsoppgåver:

- skranketeneste og digital førstelinjeteneste
- innlån og fjernlån
- oppgåver knytt til dei fysiske samlingar, inkl. arbeid med pensumlister
- undervisning og rettleiing for studentar innan litteratursøk og referansehandtering
- andre oppgåver kan bli lagt til stillinga ved behov

Kvalifikasjonskrav:

Formell utdanning og kompetanse:

- bachelor i bibliotek- og informasjonsvitenskap, eller tilsvarande bibliotekfagleg utdanning
- god digital kompetanse
- kjennskap til biblioteksystemet Alma og andre biblioteksystem som til dømes Leganto vil vere ein fordel
- god skriftleg og munnleg framstillingsevne både på norsk og engelsk
- relevant arbeidserfaring og personleg eignaheit vert vektlagt

For tilsetjing som Spesialbibliotekar krevst relevant arbeidserfaring frå fagbibliotek.

Personlege eigenskapar:

Vi søker etter ein fagleg engasjert medarbeider som er utviklings- og resultatorientert, systematisk, serviceinnstilt, oppsøkande og initiativrik, fleksibel, og har gode samarbeids- og kommunikasjonsevner. Stillinga krev evne til å både arbeide sjølvstendig og i team.

Vi tilbyr:

- Gode pensjons-, forsikrings-, og låneordningar i Statens pensjonskasse
- Spennande fagmiljø med moglegheit for kompetanseheving - og utvikling
- Høve for trening i arbeidstida

Stillinga som bibliotekar / spesialbibliotekar er løna etter Statens lønsregulativ, i stillingskode 1410 / 1515

Frå løna vil det bli trekt 2 % innskot til Statens pensjonskasse.

Korleis søke på stillinga?

Send søknad og CV ved å klikke på knappen merka "Søk stilling" på denne sida.

Det er søkjar sitt ansvar å sørge for at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen, som attester og vitnemål. Dersom vitnemål, karakterutskrifter eller annen dokumentasjon ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk, må søkjar sjølv laste opp attesterte omsettingar. Dersom vedlegga overskrider 15 MB må dei komprimerast før opplasting eller leggst ved som lenke.

Søknader kan ikkje sendes på e-post til enkeltpersoner ved høgskulen.

Generell informasjon:

Vi gjer merksam på at jfr. ny offentlegheitslov kan opplysningar om søkjaren bli offentleggjort sjølv om søkjaren har bedt om ikkje å bli oppført på søkjarlista. Søkjaren vil bli varsla dersom ynskje ikkje vert teke til følge.

Høgskulen på Vestlandet er under omstilling, og det kan bli gjort endringar i stillinga sitt ansvarsområde og plass i organisasjonen.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er derfor eit personalpolitisk mål å oppnå ein balansert alders- og kjønnsamansetning og rekruttere personar med minoritetsbakgrunn, nedsett funksjonsevne og hol i CV.

Kontaktperson ved Høgskulen på Vestlandet er:

1) Avdelingsleiar Turid B. Hitland,
tlf 55 58 55 44

2) Einingsleiar publikumstenester Camilla Wang Pedersen,
tlf 52 70 26 06

Samspel, berekraft og nyskaping

Samspel, berekraft og nyskaping skal kjenneteikne alt vi gjer.

Vi skal bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil.

[Les meir på våre heimesider.](#)

Video: https://www.youtube.com/watch?v=z-Py_In-Eyg&feature=youtu.be

Additional information

Place of service:

campus Sogndal 6856 Sogndal (Sogndal Municipality)